

UTSKRIFT AV MØTEBOK 02.06.2004  
FOR  
RADØY KOMMUNALE  
RÅD FOR FUNKSJONSHEMMA

**Sak 04/04    UTTALE TIL HØYRING FOR FRAMTIDIG BRUKARBETALING  
FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTER.**

Hovedspørsmål:

**I:    Bør dagens todelte system for brukarbetaling og finansiering i hovedtrekk vidareførast, eller er det behov for større endringar?**

Svar:    Det bør framleis vere eit to-delt system for betaling, men det bør gjerast visse endringar.  
Heimesjukepleie bør framleis vere gratis. Legemidler og hjelpemidler bør kunne følgje brukaren uavhengig kor han/ho bur, og staten bør finansiere dette. Dette vert grunngjeve med:  
Etter at sjukehusa vart statlege, og gjekk over til å verte helseforetak med krav om effektiv behandling, har ein sett ei utvikling der pasienten hurtigare vert skriven ut til kommunane. Dette har skjedd utan at kommunane har vorte sett i stand til å takle dette verken bygningsmessig, ressursmessig eller til dei auka krav til kompetanse som føl med.

**II:    Vil eit enhetlig system for brukarbetaling der betalingen knyttes til bolig, daglige utgifter og egenandeler for de faktiske tjenester som ytes være mer hensiktsmessig enn dagens todelte system for brukarbetaling i og utanfor institusjon?**

Svar:    Dagens system er klart å forstå både for brukarar og administrasjon. Eitt betalingssystem for opphald i institusjon og eitt betalingssystem for heimebaserte tenester.  
Ved ei evt. omlegging kan det verte allfor omfattande å administrere.  
Det vil vere lite hensiktsmessig å ha tjenestebasert betaling ved institusjonsopphald avdi dei som får langtidsopphald i institusjon i dag, er svært sjuke.  
Ved ei evt. omlegging, vil ein tru det kan få uante konsekvenser. Med hjelp frå heimebasert omsorg vert det til ei kvar tid skrive enkeltvedtak på dei ulike tenestene som vert ytt, heimsjukepleie, heimhjelp, dagopphald, middagsombringning, tryggleiksalarm, berre for å nemne noko. Dei som får langtidsopphald i institusjon i dag er svært hjelpetrengjande og ressurskrevjande, slik at vedtak kan måtte endrast frå dag til dag.

**III: Bør staten fastsetje reglar for nivået på brukarbetaling, og i tilfelle i kva grad, eller bør dette vere opp til den einskilde kommune å avgjere?**

Svar: Staten bør bestemme nivået for brukarbetaling. Dette bør ikkje overlatast til den einskilde kommune, då det vil verte allfor stor skilnad frå kommune til kommune.

**IV: Bør kommunens heilhetlige finansieringsansvar for tilbud til bebuarar i institusjon utvidast til å omfatte ei større gruppe brukarar av pleie- og omsorgstenester, for eksempel bebuarar i omsorgsbustad?**

Svar: Dette bør være staten sitt ansvar.

**V: Bør beboere i institusjon ha de samme rettigheter som brukere utenfor institusjon i forhold til hjelpemidler fra folketrygden, legemidler på blå resept og Husbankens bustøtteordning?**

Svar: Ja, med unntake husbanken si bustøtteordning.  
Statlig finansiering av bustønad i institusjon vil ikkje virke inn på tilbudet som vert gjeve.  
Det er svært uheldig at bebuaren i institusjon misser eit hjelpemiddel eller legemiddel på blå resept som er godt tilpassa avdi han/ho kjem på institusjon. Hjelpemiddelet eller legemiddelet bør følgje bebuaren frå heim til institusjon. Har bebuaren eit godt tilpassa hjelpemiddel eller legemiddel, er det av stor betydning at han/ho for behalde det uavhengig kor ein bur.

Rett utskrift

Manger, 08.06.04

 **RADØY KOMMUNE**  
**KROSSVEGEN 8**  
**5338 MANGER**  
sekretær